

Ekstraordinært årsmøte i Sunnfjord Kajakklubb 21.10.02

Stad: Ved naustet/klubbhuset på Øyrane

Sak: Orientering og godkjenning av opptak av lån for SKK i Sparebanken S. og Fj.

Rune orienterte om at Sunnfjord Kajakklubb har fått innvilga eit lån på kr. 50 000 i Sparebanken S. og Fj. som skal finansiere nytt klubhus på Øyrane. I utgangspunktet hadde ein tenkt at tippemiddlar skulle finansiere naustet, men det viser seg at vi ikkje kan forvente å få desse middlane før om 2-3 år, difor vart det naudsynt med eit banklån.

Til å betale tilbake avdrag og renter på lånet har ein tenkt å bruke leigeinntektene frå den fylkeskommunale kajakkbasen. Dei skal betale kr. 1000 pr. månad for å leige plass til kajakkar og hengar hos oss i nybygget. I sommar vart det inngått ei to års leigeavtale med kajakkbasen og SSK.

I tillegg har vi fått kr. 10 000 i kulturmiddlar og klubben har dessutan uteståande kr. 15 000 frå padleforbundet.

Det er ikkje forventa at vi brukar meir enn kr. 30 000 av banklånet, men vi vel likevel å ta opp eit lån på kr. 50 000. Då vert resten av lånesummen brukt til å tilbakebetale Rune som har uteståande kr. 17 0000 i klubben. Då slepp vi å ta opp lån blant medlemmane som tidlegare har vore diskutert. Medlemmane var einige om at det skulle takast opp eit lån på kr. 50 000.

Etter årsmøtet var det medlemsmøte og ope for spørsmål.

- ❖ Rune orienterte vidare om at klubben har fått to kajakkinstruktørar (mest sannsynleg). Rune og Roald var på instruktørkurs i vår og var i Horten og tok eksamen i helga. Dei bestod begge den praktiske eksamenen, det gjenstår å få svar på den teoretiske prøva.
- ❖ Symjehallen i Førdehuset er ledig kvar sundagskveld kl. 18-21. Ta kontakt med symjehallen sjølv, eller snakk med nokon i klubben dersom du har lyst å øve kajakpadling/teknikk i bassenget. Det kostar kr. 100 pr. time.
- ❖ Rett over nyttår vert det "rulle-kurs" i symjehallen. Ta kontakt med Rune eller Roald dersom du er interessert.
- ❖ Rune kom med forslag om at klubben kanskje burde vurdere å innføre eit "lett" nybyrjarkurs etter modell frå Stavanger. Dette er tenkt å vere eit 2-4 timars kurs som skal gje ein elementær og enkel innføring i bruk av kajakk. På den måten treng ikkje alla å ha grunnkurs før dei får verte medlem av kajakklubben.

Referent Tove Bj.